

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellelvold

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 45 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er etter Jon J. Kjellelvold, f. 1/10. 1864.

SVAR

1. "Far min kjøpte den fyrste hesten på gardane her i kring, saman med Lasse Lihaug. Før laut ein difor alltid bera høyet inn. Det var lenge svært få hestar i bygda. Berre største gardane hadde hest.

Dei bruka jamt å slå i utmarka. Smågardane gjer det framleis, men det er over 30 år sidan vi slutta med det.

Frå utslåttane velte dei høyet til sjøen og rodde det heim, eller bar det. Dei brukte ikkje hesjer i utmarka, men heime hadde dei faste hesjer. Dei var helst laga av ospestenger bundne med sprakeband.

Ein bar høyet til hesjene. Sloe var ikkje brukt i mi tid til høy, men det var kjent. Ein kalla det "droje". Det vart stundom brukt til vedtransport.

Dei brukte ikkje børsvolk her, men tog med "trehold" (ei) - oftast av sprake (eine). Høyet fengde vi, og ei skikkeleg bør skulle vera 5 gode fengje (ei). Tauet vart teki over skuldra. Beraren fekk hjelp. Hjelparen stod oftast framafor og tok i toget. Borna var jamt med i arbeidet.

Rodde vart stundom brukt, ho var laga av tog. Dei kalla det "å rodde". (ei rodde)

Løypestreng er i bruk sume stader no og, men det er lenge sida dei kom i bruk, sikkert 40-50 år.


Kipe vert av og til brukt til å bera til hesjane med. Trillebåre vart noko brukt før i tida. Desse bårene var større enn dei vanlege. Dei hadde alltid tverrbrett, og vart brukte både av born og vaksne. Ei slik "høytang" er ukjent her."

3. Høyet vart alltid hatt heim om sumaren.

4. "Jamnast vert det brukt vanleg firehjula vogn, men av og til vert det brukt "langskjek" (berre to hjul). Før brukte vi slede i lang tid. Av og til vert han brukt enno. Høyvogna er 4,5 m lang og omkring 1 m brei. Sledane var 3 m lange og knapt 1 m breie. Vogna vart ikkje kalla slede her.

"Hjulslede" vart brukt til å køyra stein med. Den såg omlag slik ut:

Hand!



På høysledane vart ikkje brukt skoning, men på snøføre brukte ein skodde sledar. Ein kunne køyra kvar ein ville både med slede og med hjul. Til å køyra korn og høy brukte ein ei vanleg arbeidsvogn med grind. Grindane kom i bruk for over 40 år sidan. Grinda (ei) var frå fyrst av laga av bord som gjekk vatsrett, men no brukar vi helst grindar med loddrette remmar.

På sledane måtte ein alltid bruka høytang (ei). Ein kunne få opptil 15 fengjer på ein slede. I ei høyvogn med grindar går det opptil det doble.

Siste lasset var som dei andre. Det var ingen serlege reglar for det, det eg veit.

Ein tok alltid med det høyet ein fekk. Det skulle ikkje liggja noko att.

Høytanga ser slik ut:



Toget vart kalla "jyretog" - og å festa lasset vart kalla "å jyra". "Holle" (hovold) vart ikkje brukt til høylasset eller kornlasset.

Dei brukte aldri meir enn ein hest for høysleden.

5. "Felleslåt" er ukjent her.

Frå utslåtten vart høyet oftast ført heim rått, men gjekk det an, prøvde ein å "tonna" det. (turka det)

6. Høyet vert alltid ført heim frå utmarka om sumaren."

2540

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING